

St.meld. nr. 12 (2006-2007) Regionale fortrinn – regional framtid. Om prosessen med å avklare den regionale inndelinga. Høyring.

Fylkesrådmannen rår hovudutvala til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Oppgaver som har konsekvensar for den regionale samfunnsmessige utviklinga blir lagt inn under folkevald styring og kontroll. Spesialhelsetenesta, Innovasjon Norge, SIVA og deler av vegetaten bør leggjast til dei nye regionane
2. Sogn og Fjordane sitt primære ønskje til organisering av framtidige regionar er ein landsdelsmodell. Grunngevinga for dette er:
 - Større regionar vil leggje betre til rette for regional samordning av sektorpolitikken. Ved at grensene blir samanfallande, med styrka krav til regional samordning og ved overføring av reell makt får vi auka *folkevald påverknad* over statleg sektorpolitikk.
 - Landsdelsregionar vil på sikt vere ei større motvekt mot sentralisering ved at
 - vi får ei betre samordning av sektorpolitikken regionalt som motvekt mot statleg sentralisering,
 - større regionar vil leggje betre til rette for samhandlinga mellom store utdannings- og kompetansemiljø, og mellom by og land,
 - vi betre stimulerer regional næringsutvikling,
 - det blir gitt større rom for regional fordelingspolitikk basert på solid regional kunnskap og
 - det er større sjansar for at vi får overført tyngre oppgaver.
 - Vi får meir politisk styring over den regionale samfunnsutviklinga.
 - Ein sterk vestlandsregion vil kunne bli ein sentral premissleverandør i utforminga av den nasjonale politikken og i fordelinga av nasjonale ressursar.
 - Sogn og Fjordane i framtida vil bli for lite som eige fylke. Vi er avhengige av å kople oss mot utviklings-, kunnskaps-, forskings- og næringsmiljø utanfor fylket for å sikre arbeidsplassar, konkurransekraft og regional utvikling.
3. Sogn og Fjordane ser det som naturleg med ei inndeling av ein landsdelsregion frå Nord-Rogaland i sør til Møre i nord.
4. Alternativt vil Sogn og Fjordane gå inn for eit forsterka fylke med noverande fylkesgrenser.

Prenta vedlegg:

1. Kortversjon av St.meld. nr. 12 (2006-2007) Regionale fortrinn – regional framtid
2. Høyringsbrev frå KRD datert 9.januar 2007.
3. Del 1 av saksutgreiinga: Kor store bør regionane vere? Kriteria for regioninndeling.
4. Mottekne høyringsfråsegner frå kommunar, organisasjonar, statlege etatar etc.

Uprenta vedlegg:

1. Brev til kommunane datert 27.02.07
2. Brev til organisasjonar etc. datert 27.02.07

Saksframstilling

SAMANDRAG

Fylkeskommunen skal i to omgangar, først no i juni og så etter valet i haust, gje innspel til regjeringa om korleis grensene for det framtidige mellomnivået i den offentlege forvaltninga i landet skal gå. Regjeringa ønskjer synspunkt på to modellar. Den eine kalla forsterka fylke som i hovudsak vil følge dagens fylkesgrenser og den andre som vert kalla regionmodell. Regionmodellen vert også kalla landsdelsmodellen og femner om større område enn dagens fylke. Tilrådinga skal seie noko både om eit førsteval av ein ønskt modell, men skal også gje synspunkt på eit alternativ. Vala skal grunngjevast prinsipielt. I tillegg inviterer Stortinget oss til å koma med innspel i høve framtidige oppgåver og ansvarsområde for dei nye regionane fram til endeleg tilråding blir lagt fram for Stortinget våren 2008. Såleis blir det opna for ein ny oppgåvediskusjon før grensene vert endeleg fastlagde.

Del 1 i denne saka – i eige vedlegg - tek føre seg prinsipielle synspunkt og kriteria for regioninndeling.

I Noreg har vi i ei årrekke drøfta korleis ein skal kunne halde opp ein spreidd busetnad og korleis ein samla best skal kunne utnytte ressursane i landet. Fleire offentlege utgreiingar og utval har gjeve tydelege svar på korleis ein skal innrette seg for å få dette til. Løysinga er eit sterkt folkevald regionalt nivå mellom stat og kommune. Argumentasjonen går både på å sikre demokrati, deltaking og nærleik til avgjerdene, men også på at ein må setje regionane sjølve i stand til å ta ansvar for eiga utvikling. Dette siste er ikkje minst inspirert av tankar ut i Europa. Identitet og kulturell samkjensle spelar også ei viktig rolle i høve spørsmålet om kor grensene skal gå for mellomnivået.

Det er ingen av dei skisserte oppgåvene i regjeringa sitt opplegg som gir ein bestemt minstestørleik på regionen. Stortinget har slege fast at oppgåvene vert like uansett størleik på regionane.

Det ligg openbare verdikonfliktar og dilemma i vala. Små einingar er kjenneteikna av demokrati innover, nærleik til avgjerdene, lokal tilpassing, innovasjon og dynamikk.

Gyldige argument i høve store einingar vil kunne vere handlekraft mot utanverda, større ressursar, lik behandling og betre fordeling av ressursar.

I del 2 har vi kort summert opp oppgåveporteføljen slik den no ligg føre etter handsaminga i Stortinget. Vidare har vi samanlikna denne porteføljen med to sentrale innspel – utgreiinga ” Vestlandsregion eller vidare samarbeid ” og fylkesordførar-/rådsleiarkollegiet si tilråding til oppgåvefordelinga.

Med ei litt romsleg tolking kan ein seie at Stortinget sitt vedtak oppfyller svært mange av føresetnadene for ein større region slik desse kom til uttrykk i desse to innspela.

Det er vanskeleg å trekkje nokon eintydig konklusjon frå høringsrunden; til det sprikjer innspela for mykje. Argumentasjonen for og imot følgjer i hovudsak dei prinsipielle skiljelinene som det er gjort greie for i del 1.

Fylkesrådmannen konkluderer med at vi ideelt sett vil vere best tent med ein landsdelmodell; ein utvida region i staden for forsterka fylke. Hovudargumenta er:

- Større regionar vil leggje betre til rette for regional samordning av sektorpolitikken.
- Landsdelsregionar vil vere ei større motvekt mot sentralisering og betre eigna til å flytte makt.
- Vi får auka folkevald påverknad over statleg sektorpolitikk.
- Vi får meir politisk styring over den regionale samfunnsutviklinga.
- Større regionar vil samla sett kunne få sterkare verkemiddel og vere meir framtidsretta.
- Ein sterk vestlandsregion vil kunne bli ein sentral maktfaktor i utforminga av den nasjonale politikken og i fordelinga av nasjonale ressursar.
- Sogn og Fjordane vil i framtida bli for lite som eige fylke og mindre eigna til å sikre konkurransekraft og regional balanse.

Fylkesrådmannen meiner at det er naturleg med ei inndeling av ein landsdelsregion frå Nord-Rogaland i sør til Møre i nord. Det kan også vere argument for at heile Rogaland vert med.

Alternativt går fylkesrådmannen inn for eit forsterka fylke med noverande fylkesgrenser.

DEL 1: KOR STORE BØR REGIONANE VERE?

KRITERIA FOR REGIONINNDELING

Sjå eige vedlegg

DEL 2. GJENNOMGANG AV OPPGÅVENE, HØYRINGSUTTALAR, SAMLA VURDERING OG TILRÅDING

2.1 Oppgaver etter handsaminga i Stortinget

Kommunalkomiteen si innstilling og Stortinget sitt vedtak omhandlar i det alt vesentlege spørsmålet om oppgaver for det regionale nivået. Det blir til dels gitt nye roller og oppgaver til regionane.

Vi ser også at det er ei positiv utvikling i viljen til å desentralisere oppgaver frå regjeringa si melding, via komitéhandsaminga til Stortinget sitt vedtak. Dette siste vert understreka av vedtaket om å vurdere innspel om framtidige oppgaver i prosessen fram mot endeleg vedtak våren 2008.

Viktige prinsipp i komiteen sin gjennomgang

Stortinget ser det som viktig for å få ei klår ansvarsdeling slik at alle oppgaver med regionalpolitisk skjønn vert lagt til dei nye regionane. Det er fleire oppgaver i regional statleg forvaltning som har konsekvensar for den regionale samfunnsutviklinga, og som difor bør underleggast regionalpolitiske prioriteringar og avgjerder.

Stortinget meiner at det er viktig å gi regionane det heilskaplege ansvaret og verkemidla for dei oppgåvene som krev at ein nyttar regionalt politisk skjønn.

Dei viser i tillegg til gjennomgangen av inndelinga av regional statsforvaltning som vert varsla i meldinga. Det må leggast stor vekt på å få til meir samanfallande inndelingar. Fylkesmannen må i utgangspunktet får ei framtidig organisering som er lik inndelinga til dei nye folkevalde regionane.

Summarisk gjennomgang av Stortingsvedtaket i høve oppgåveportefølje

Dei nye oppgåvene vil bli:

Regional planlegging: Regional planlegging skal styrkjast. Det skal også vere høve til å gjere planvedtak som i ei avgrensa periode bandlegg arealbruken. Det er presisert at regional planlegging også skal omfatte samordning av transportløysingar; samt regional miljø- og klimastrategi.

Vegar: Andre riksvegar (riksvegar som ikkje er stamvegar) inklusiv ferjedrift, blir omklassifiserte til regionale vegar og blir lagde til regionane. Hovuddelen av Staten vegvesen blir overført til regionane.

Kollektivtrafikk: Samordningsfunksjon i høve til den totale kollektivtrafikken i regionen; under dette jernbane og ekspressbuss.

Innovasjon Norge: Det blir delt eigarskap til Innovasjon Norge der staten er hovudeigar og regionane deleigar. Fleire av dei økonomiske rammene til Innovasjon Norge skal kome via regionane. Det blir overføring av oppgaver og ansvar til regionkontora frå Innovasjon Norge sentralt.

SIVA: Det skal bli oppretta regionale innovasjonsselskap som skal vidareføre SIVA sine aktivitetar i samarbeid mellom regionane og SIVA. Dette gjeld næringshagar, inkubatorar m.v..

Fiskeri og havbruk: Regionen skal ha ansvaret for å samordne og treffe vedtak etter akvakulturlova og vidare forvalte skulekvotar og kystsel, lokale fiskereguleringar, tang og tare og kongekrabbe.

Universitets- og høgskulesektoren: Regionane skal oppnemne to av dei eksterne styrerepresentantane til universiteta og høgskular. Dei vil styrkje høgskulane og dei regionale institutta for å møte næringslivet sitt auka behov for FOU-innsats. Det må etablerast nye relasjonar mellom utdannings- og forskingsinstitutta, dei regionale politiske styresmaktene og næringslivet.

Forskning: Oppretting av regionale forskingsfond til regional grunnforskning og til næringsretta forskning. Styret for fonda skal ha medlemar frå både regionane og staten, der regionane skal ha fleirtalet i styret og styreleiar. Regionane skal få større oppgaver knytt til forvaltning og utforming av forskingsprogram regionalt.

Miljø: Overføring av oppgåvene til Fylkesmannen si miljøavdeling som ikkje er knytt til tilsyn, klage, legalitetskontroll og motsegn; samt rettleiing i høve dette.

Landbruk: Overføring av Fylkesmannen sine oppgaver på området med unnatak av klagehandsaming, kontroll med tilskotsordningar, motsegn, lovlegkontroll og einskilde saker med vedtaksmynde. Det er presisert at regionalt innretta bygdeutviklingstiltak skal overførast.

Fylkesmannen si utdanningsavdeling: Overføring av diverse utviklingsoppgaver knytt til grunnskulen som i dag ligg hos Fylkesmannen si utdanningsavdeling

Kultur og idrett: Forvaltning av spelemidlar til kulturbygg og til lokale og regionale idrettsanlegg. Oppnemning av to styremedlemar til kulturinstitusjonane. Midlar til kulturinstitusjonar skal i større grad bli utforma som direktetilskot frå staten og mindre som søknadsordningar.

Folkehelse: Skal gå over frå ei frivillig til ei ordinær oppgåve for det regionale folkevalde nivået. Regionane si rolle skal bli tydleggjort.

Tannhelse: Framtidig organisering av den offentlege tannhelsetenesta skal bli behandla i ei eiga stortingsmelding som skal kome i løpet av våren. Fleirtalet i komiteen meiner det må sterke grunnar til dersom tannhelsetenesta skal bli gitt ei anna plassering enn til regionane.

2.2. Stortingsvedtaket sett i forhold til:

2.2.1. Utgreiinga "Vestlandsregion eller vidare samarbeid"

Vestlandsrådet tok initiativet til utgreiinga "Vestlandsregion eller vidare samarbeid" for å bidra aktivt i utforminga av det framtidige regionale nivået. Dette blei gjort gjennom ei konkretisering av kva for eit regionalt nivå vi skal ha på Vestlandet i framtida.

Fylkestinget handsama utgreiinga i 2004 og sa mellom anna dette om oppgåvene:

"Fylkestinget meiner at utgreiinga "Vestlandsregion eller vidare samarbeid" og høyringsuttalane er eit godt fundament for vidare arbeid med å utvikle sterke regionar".

Mange av høyringsinstansane i vårt fylke meinte at spesialisthelsetenesta igjen burde kome inn under folkevald regional styring.

Med ei litt romsleg tolking kan ein seie at Stortinget oppfyller svært mange av føresetnadene for ein større region slik dei vart uttrykte i utgreiinga.

Generelt kan ein likevel seie at for nokre av oppgåvene hadde det vore ønskjeleg med ei tydelegare og meir konkret ansvarsdeling enn det som no ligg føre frå Stortinget. Dette fordi ei rekke oppgåver kan avgrensast og gjevast nytt innhald. Regionane må få reell overføring av makt. Dette i motsetnad til medråderett slik som det no i hovudsak blir lagt opp til. Dette kan illustrerast ved at staten får fleirtal (51%) i IN.

Dei viktigaste punkta for avvik er at utgreiinga :

- ønskjer totalansvar for Innovasjon Noreg medan Stortinget ønskjer delt eigarskap. Likevel med viktig innverknad på avgjerder og retning,
- ønskjer SIVA under direkte regional styring, medan Stortinget vil at desse skal styrast av regionale innovasjonsselskap,
- ønskjer sterkare regional styring over flyplassar og rutetilbod i luftfarten,
- ønskjer tyngre ansvar i kultursektoren, m.a. gjennom direkte ansvar for viktige kulturinstitusjonar og
- vil at regionale planar skal være byggesteinen for nasjonal planlegging, medan Stortinget ser ut til å vedta ei ovanfrå - og - ned tilnærming.

Vidare har utgreiinga eit klårare ønskje om formalisert kontakt med helseføretaka, jfr. det som elles er sagt i premissane for fylkestingsvedtaket.

På den andre sida går Stortinget lenger i overføring av ansvar gjennom opprettinga av regionale forskingsfond.

Vi ser elles ei rekke mindre nyanseforskjellar og ulik haldning til oppgåver innan arbeidsmarknadsopplæring, IKT og regional planlegging. Det er enno noko uvisse knytt til

oppgåvene og arbeidsdelinga i høve landbruk og miljø. Dette gjeld særleg i høve til om rettleiinga skal kunne skje utover det reint juridiske.

2.2.2. Fylkesordfører-/rådsleiarkollegiet si tilråding til oppgåvefordeling

Fylkesordfører-/ rådsleiarkollegiet tok i august 2005 initiativ til å etablere ei arbeidsgruppe som skulle gje konkrete innspel til KS i høve regjeringa sitt arbeid med ei framtidig forvaltningsreform. Grappa gav innspel til viktige premisser for ei regionreform.

Fylkestinget slutta seg til hovudkonklusjonane frå eit samla fylkesordfører-/fylkesrådkollegium når det gjeld premisser, oppgaver og inndeling ved ein forvaltningsreform.

I tillegg meinte fylkestinget at spesialisthelsetenesta måtte leggjast til eit regionalt nivå. Med utgangspunkt i komiteinnstillinga meiner KS at oppgaveporteføljen representerer eit viktig skritt på vegen til eit sterkt folkevald regionalt nivå. Men dei peikar på at det framleis manglar viktige oppgaver for at regionane skal få den nødvendige politiske krafta og tyngda i utviklingsarbeidet.

KS meiner at det framleis er trong for styrking:

- Innan samferdsel opnar ein for utgreiing av ei overføring av Statens vegvesens sitt regionale apparat. Dette betyr at ein ligg nær opp til KS sitt vedtak om overføring av statens vegvesens sine regionkontor.
- KS har gått inn for full overføring av Innovasjon Norge sine distriktskontor slik at regionane sjølve har ansvaret for det regionale næringsutviklingsarbeidet. Men ein modell med delt eigarskap vil likevel føre til ytterlegare styrking av regionane sitt arbeidet med næringsutvikling.
- Innan miljøvern meiner KS at staten regionalt berre skal ha ansvaret for lovlegkontroll og tilsyn, og vidare at staten regionalt berre skal ha ansvaret for lovlegkontroll og tilsyn der dette er heimla i lov.
- På området kultur og idrett vil staten og Norsk kulturråd framleis forvalte viktige verkemiddel av regional karakter. KS meiner at ytterlegare oppgaver på kulturområdet bør overførast til regionane.
- KS meiner at regionane må få eit sterkare ansvar for universiteta og høgskulane sine undervisningstilbod og forskning gjennom økonomisk bestillaransvar.
- KS meiner at regionane bør få det fulle finansieringsansvaret for dei regionale forskingsinstitutta.

I tillegg til det som er nemnt ovanfor, har KS også fleire andre framlegg som ikkje fullt ut er dekkja.

2.3. Einskapsfylket

Stortinget meiner at dersom den nye regioninndelinga berre i liten grad avvik frå dagens fylkesinndeling, så kan det vere aktuelt å vidareføre og vidareutvikle ordninga med einskapsfylke der det er regionalpolitisk vilje til dette.

Fylkestinget har vurdert modellen med einskapsfylke i eiga sak som del av ei forsøksordning. Det vart også sendt ein søknad administrativt som bygde på prosessar og samtalar med Fylkesmannen. Fylkestinget valde likevel med tilvising til dei avgrensingar som var gjeve i høve forsøket, ikkje å starte forsøk med einskapsfylke. Vedtaket i Stortinget inneber at desse avgrensingane er borte.

Komiteen har som prinsipiell tilnærming at alle oppgaver som inneber prioritering og skjønn skal underleggjast regionalpolitisk styring. Dette peikar i retning av eit meir reindyrka kontroll- og tilsynsapparat.

Ei ordning med einskapsfylke på permanent basis vil krevje forsterka fylkeskommune og oppslutning frå mange av fylka

2.4 Gjennomgang av innspel

Kommunane, fylkesmannen, statlege etatar og ulike parti og organisasjonar blei i slutten av februar inviterte til å kome med innspel (med frist 4. mai) i høve korleis det framtidige regionale nivået skal inndelast.

Det har pr. 09.05.07 kome inn 17 innspel; eitt av desse er frå Samarbeidsforum i Sunnfjord (der kommunane Flora, Førde, Gaular, Jølster og Naustdal er medlemar). Samla har 13 kommunar uttalt seg. I tillegg er det kome innspel frå Fylkesmannen, Innovasjon Norge og diverse organisasjonar. Fleire av innspela er utforma med bakgrunn i meldinga og ikkje i høve dei endringane som har kome som følgje av behandlinga i Stortinget.

Blant kommunane er 7 kommunar (inkludert kommunane som er med i Samarbeidsforum i Sunnfjord) i utgangspunktet for ein større regionsmodell. Men i dette ligg det også ei forventning og/eller krav om overføring av fleire oppgaver og meir makt enn det Stortingsmeldinga legg opp til. Viss ikkje fleire oppgaver blir overført, går til dømes Fjaler inn for eit forsterka fylke.

Dei andre 6 kommunane går inn for eit forsterka fylke som sitt første val. Men viss det blir fleire oppgaver, går til dømes Stryn inn for ein større region, mens Sogndal kan vurdere ein slik modell. Andre (Aurland og Lærdal) går inn for ein region med Hordaland og Sogn og Fjordane gitt at det blir større regionar.

Fylkesmannen går inn for eit forsterka fylke og kjem i den samanhengen inn på arbeidsdelinga mellom fylkesmannen og det forsterka fylket.

Dei ulike organisasjonane som har uttalt seg er i hovudsak imot større regionar.

Det er vanskeleg å trekkje nokon eintydig konklusjon frå høyringsrunden; til det sprikjer innspela for mykje. Argumentasjonen for og imot følgjer i hovudsak dei prinsipielle skiljelinene som det er gjort greie for i del 1. Nedanfor følgjer ei skjematisk oppføring av dei mottekne fråsegnene:

| Kven | Preferanse | | Alternativt | Merknader |
|--------------------------|--|------------------------------------|--|--|
| | Forsterka fylke | Region | | |
| Aurland | X | | Region Hordaland og Sogn og Fjordane | Formannskapet |
| Balestrand | X | | Ikkje aktuelt og ønskjeleg med regionmodell | Formannskapet |
| Fjaler | | X Sunnmøre til Boknafjorden | Forsterka fylke viss ikkje ein får tilført fleire oppgåver enn det Stm. 12 legg opp til | Kommunestyret |
| Gulen | | X Vestlandsregion | Sterkere samarbeid mot Hordaland. Viss region saman med Møre og Romsdal, vil dei knyte seg til Hordaland | Kommunestyret Fleire oppgåver må leggjast til regionane |
| Luster | X | | | Kommunestyret |
| Lærdal | X | | Region Hordaland og Sogn og Fjordane | Kommunestyret |
| Samarbfor. Sunnfjord | | X Hordaland og Sogn og Fjordane | | Fråsegn. Fleire oppgåver må leggjast til regionane. |
| Sogndal | X | | Viss vesentleg auke i oppgåver, kan ein vurdere regionmodell | Ordføraren |
| Stryn | X | | Viss overføring fleire oppgåver, tilrår region frå Boknafjorden til Romsdalsfjorden | Formannskapet |
| Sogn og Fj. Bondelag | X | | Med dagens forslag til overføring av oppgåver ikkje farbar veg å lage større regionar | |
| FFO | Ingen preferansar | | | Oppteken av at ein opprettheld eit nært og godt samarbeid med brukarorg. |
| KFO/Parat | | | | Ikkje grunnlag for ny organisering |
| Fylkesmannen | X | | | Samarbeidet på Vestl. må styrkast, gjerast meir forpliktande gjennom Vestl.rådet |
| Sogn og Fj. Turlag | Ønskjer inga forvaltningsreform | | Viss forvaltningsreform, forsterka fylke, men med miljø lagt til fylkesmannen | |
| Idrettskrinsen | | | | Tilpassar seg dei vedtak som gjorde |
| Innovasjon Norge | Ser det ikkje som naturleg å gi innspel til regioninndelinga | | | Kjem med faglege innspel i høve ulike alternativ |
| Fylkesrådet funksj.hemma | | | | Går imot ein stor Vestlandsregion |

2.5. Samordna synspunkt på regioninndelinga i landet?

Regjering skal m.a. på bakgrunn av dei lokale og regionale prosessane gje tilråding for Stortinget om den framtidige inndelinga. Dersom ein lokalt ikkje kjem til semje om inndelinga, eller at ein ikkje finn ei eventuell semje funksjonell, vil regjeringa legge fram forslag som er mest tenleg i høve oppgåver og regionale preferansar.

Det kan også sjå ut som at Stortinget er meir velvillig innstilt til mellommodellen enn regjeringa. Mellommodellen inneber eit middels tal regionar og vil kunne føre til relativt mange inndelingsendringar. Dette vil kunna få konsekvensar for dei fleste av dagens gjennom samanslåing med eitt eller fleire nabofylke.

Ideelt sett skulle det vore høve til på regionalt nivå å samordne seg slik at dei ulike delane av Noreg gav synspunkt på like løysingar. Vi har i dag ikkje oversyn over korleis eventuelle samanslåingsprosessar går rundt om i landet, men det er signalisert at ulike fylke tek del i slike samtalar. Prosessar i ein del av landet vil kunne ha konsekvensar for andre deler av landet som ein der primært ikkje vil ønskje.

Fylkesrådmannen har teke kontakt med administrasjonen i dei tre andre Vestlandsfylka for å kunne omtale tilrådingane om inndeling der. Det har så langt ikkje kome reaksjon på denne førespurnaden.

2.6. Samla vurdering

Stortinget si handsaming vil føre til at fleire oppgåver vil bli tilført regionane enn det som regjeringa la opp til. I tillegg inviterer Stortinget oss til å kome med innspel i høve framtidige oppgåver og ansvarsområde for dei nye regionane fram til endeleg tilråding blir lagt fram for Stortinget våren 2008. Såleis blir det opna for ein ny oppgåvediskusjon. Slik sett blir det viktig ikkje berre einsidig å ta stilling til det som ligg føre, men også å vise til kva som ideelt sett vil vere den beste regioninndelinga.

Det er heilt vesentleg å styrke det regionale demokratiet og folkestyret. Regional utvikling må vere ein arena for politisk og ikkje byråkratisk skjønn. Vi har fått ein stadig meir fragmentert og oppsplitta stat. Det vil difor vere ei utfordring å flytte makt til regionalt folkevald nivå.

Forsterka fylkeskommunar inneber i så måte ei viss styrking av demokratiet, men statleg regionalisering fører til at desse ikkje fangar opp vesentlege sektororgan. Dei kan i avgrensa grad bøte problemet med at sektorpolitisk skjønn har fortrengt territoriell-/regionalpolitisk skjønn.

Det er eit uttalt mål for reforma å styrke folkestyret og demokratiet lokalt og regionalt. Vidare er det eit mål å få til ei meir samordna og effektiv regional forvaltning ved at ulike sektorar blir sett i samanheng i den enkelte regionen.

Både eit forsterka fylke og landsdelsmodellen vil ivareta demokratiaspektet på ein god måte.

Behovet for regional samordning og politisering av den statlege regionale forvaltninga blir best ivareteke ved ein landsdelsmodell.

Ei regionalisering er ikkje noko mål i seg sjølv, men er viktig for å gi regionane høve til å utvikle eigen politikk på viktige område som næringsutvikling (herunder landbruk og marin sektor), samferdsle, forskning og utdanning, miljø og kultur. Dette for å kunne utnytte eigne regionale

fortrinn og eiga evne/kreativitet til å møte dei samfunnsmessige utfordringane. Utvikling kan vanskeleg styrast og kommanderast ovanifrå.

Vidare vil regionane vere viktige for å få ei regional tilpassing av statleg politikk på fleire viktige område; ikkje minst på område der det overordna nasjonale målet er standardisering og likskap.

Regional kunnskap, forskning, evne til eigenutvikling og konkurransekraft (framvekst av næringsklynger og innovasjonssystem) er avgjerande moment for regional utvikling. I eit slik perspektiv blir Sogn og Fjordane åleine for liten. Vi er avhengige av kunnskaps- og forskingssentra, næringsklynger og innovasjonssystem både nord og sør for fylkesgrensene. I ein globalisert økonomi blir såleis fylket for lite til å stå imot skjerpa internasjonal konkurranse og sentralisering av kapital og arbeidsplassar.

Sterke landsdelsregionar vil samla sett motverke sentralisering og leggje betre til rette for utvikling i heile landet. Men det vil likevel vere ei utfordring å unngå sentralisering innad i desse regionane; ikkje minst i høve nærleiksprinsippet, administrativ organisering og ein desentralisert modell for vidaregåande opplæring.

Ein ny region må vere framtidsretta og overlevingsdyktig på sikt. Viktige moment i så måte vil vere at:

- oppgåver som har konsekvensar for den regionale samfunnsmessige utviklinga blir lagt inn under folkevald styring og kontroll. Det vil seie at både spesialhelsetenesta, Innovasjon Norge, SIVA og deler av vegetaten bør leggjast til dei nye regionane. Regionane får då reell overføring av makt. Dette i motsetnad til medråderett slik som det no i hovudsak blir lagt opp til.
- regional statleg forvaltning blir samordna og koordinert i regionane,
- det blir lagt til rette for styrka regional eigenutvikling (utnytte og vidareutvikle den regionale evna til å møte utfordringane), spesielt i høve utvikling av næringsklynger, innovasjonssystem og regional kunnskap (forskning og utdanning),
- statleg administrasjon blir desentralisert og
- at ein sikrar lik utvikling i heile landet; det vil seie ein aktiv statleg fordelingspolitikk som ei positiv motvekt mot auka regionalisering.

Det er heilt avgjerande at det føl pengar med utvida makt og mynde. Det siste tiåret har til dømes midlane til regionale utvikling vorte vesentleg mindre.

I del 1 er det gjort nærmare greie for kriteria for å gå inn for høvesvis forsterka fylke og landsdelregion.

Fylkesrådmannen er oppteken av at vi får på plass ei reform som også står seg i framtida. Med ein forsterka fylkesmodell utan den nødvendige porteføljen og verkemiddel, vil diskusjonen om to-nivå modellen og/eller sokalla regionkommunar som alternative løysingar dukke opp med jamne mellomrom. Forsterka fylke kan bli ei overgangsordning. Dette trass i at Regjeringa og Stortingsskomiteen slår fast at det skal vere tre folkevalde nivå i Noreg.

Fylkesrådmannen konkluderer med at vi ideelt sett vil vere best tent med ein landsdelmodell; ein utvida region i staden for forsterka fylke. Dei viktigaste argumenta for dette er:

- Større regionar vil leggje betre til rette for regional samordning av sektorpolitikken. Ved at grensene blir samanfallande, med styrka krav til regional samordning og ved

overføring av reell makt får vi auka *folkevald påverknad* over statleg sektorpolitikk. Alternativet blir som i dag med ein fragmentert statleg sektorpolitikk – forsterka fylke vil ikkje på same måten kunne motverke dette. Dette også fordi statleg sektororganisering ikkje er samanfallande med fylkesgrensene og som oftast er fylkesoverskridande.

- Landsdelsregionar vil på sikt vere ei større motvekt mot sentralisering ved at
 - vi får ei betre samordning av sektorpolitikken regionalt som motvekt mot statleg sentralisering,
 - det er større sjansar for at vi får overført tyngre oppgåver som spesialisthelsetenesta, innovasjonsselskap, vegkontor og IN,
 - større regionar vil leggje betre til rette for samhandlinga mellom store utdannings- og kompetansmiljø, og mellom by og land,
 - vi betre stimulerer regional næringsutvikling og
 - det blir gitt større rom for regional fordelingspolitikk basert på solid regional kunnskap; den som har skoen på veit best kvar skoen trykkjer
- Vi får meir politisk styring over den regionale samfunnsutviklinga på kostnad av eit oppsplitta og sentralstyrt regionalt statleg byråkrati og statlege føretak. Byråkratisk rasjonalitet blir erstatta med politisk logikk, skjønn og verdidebatt; viktige bærebjelkar i eit demokrati.
- Ein sterk vestlandsregion vil kunne bli ein sentral maktfaktor i utforminga av den nasjonale politikken og i fordelinga av nasjonale ressursar. Den fragmenterte staten har til dømes ført til ei sentralisering av statleg administrasjon ikkje berre i regionane, men også slik at nye direktorat, tilsyn og avgjerdsmynde har vorte lagt til hovudstadsområdet.
- Sogn og Fjordane i framtida vil bli for lite som eige fylke, vi er avhengige av å kople oss mot utviklings-, kunnskaps-, forskings- og næringsmiljø utanfor fylket for å sikre arbeidsplassar., konkurransekraft og regional utvikling.

Større regionar vil samla sett kunne få sterkare verkemiddel og vere meir framtidretta enn forsterka fylke. Momenta og argumenta har vorte påpeikt i fleire offentlege utgreiingar, jf. del 1. Reint fagleg føler fylkesrådmannen seg på trygg grunn i høve argumentasjonen for ein landsdelsmodell.

På kort sikt vil nok likevel eit forsterka fylke motverke sentralisering av oppgåver som blir lagt til regionane.

I høve "idealmodellen" er ikkje alt på plass. Ser ein på drøftinga i kap. 4, vil ein sjå at Stortinget langt på veg imøtekjem fylkesordførar-/rådsleiarkollegiet og Vestlandsutgreiinga sine krav til oppgaveportefølje. Dette saman med at det no er opna for innspel til Stortinget på oppgåver, kan tolkast dit at Stortinget er open for å vurdere ei utviding av oppgåvene. I alle høve vil det vere enklare å argumentere for ei overtaking av t.d. spesialhelsetenesta og IN viss ein i utgangspunktet går for større regionar.

Det er vanskeleg å vurdere kor grensene for ein ny landsdelregion bør gå. Men basert på drøftinga i del 1, ser fylkesrådmannen det som naturleg med ei inndeling frå Nord-Rogaland i sør til Møre i nord.

Ei slik inndeling tek likevel ikkje høgde for at området mellom Stavanger og Bergen utgjer i dag eit samanhengande og dynamisk utviklingsområde. Vidare vil ei slik inndeling ikkje fullt ut sikre ein

region som har nok befolkningsmessig tyngde til å balansere med eventuelle landsdelsregionar i Austlandsområdet.

2.7 Tiltråding vedtak

Fylkesrådmannen rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Oppgaver som har konsekvensar for den regionale samfunnsmessige utviklinga blir lagt inn under folkevald styring og kontroll. Spesialhelsetenesta, Innovasjon Norge, SIVA og deler av vegetaten bør leggjast til dei nye regionane
2. Sogn og Fjordane sitt primære ønskje til organisering av framtidige regionar er ein landsdelsmodell. Grunngevinga for dette er:
 - Større regionar vil leggje betre til rette for regional samordning av sektorpolitikken. Ved at grensene blir samanfallande, med styrka krav til regional samordning og ved overføring av reell makt får vi auka *folkevald påverknad* over statleg sektorpolitikk.
 - Landsdelsregionar vil på sikt vere ei større motvekt mot sentralisering ved at
 - vi får ei betre samordning av sektorpolitikken regionalt som motvekt mot statleg sentralisering,
 - større regionar vil leggje betre til rette for samhandlinga mellom store utdannings- og kompetansmiljø, og mellom by og land,
 - vi betre stimulerer regional næringsutvikling,
 - det blir gitt større rom for regional fordelingspolitikk basert på solid regional kunnskap og
 - det er større sjansar for at vi får overført tyngre oppgaver.
 - Vi får meir politisk styring over den regionale samfunnsutviklinga.
 - Ein sterk vestlandsregion vil kunne bli ein sentral premissleverandør i utforminga av den nasjonale politikken og i fordelinga av nasjonale ressursar.
 - Sogn og Fjordane i framtida vil bli for lite som eige fylke, vi er avhengige av å kople oss mot utviklings-, kunnskaps-, forskings- og næringsmiljø utanfor fylket for å sikre arbeidsplassar, konkurransekraft og regional utvikling.
3. Sogn og Fjordane ser det som naturleg med ei inndeling av ein landsdelsregion frå Nord-Rogaland i sør til Møre i nord.
4. Alternativt vil Sogn og Fjordane gå inn for eit forsterka fylke med noverande fylkesgrenser.